



Statens vegvesen  
Region Sør

## KVU rv. 7 / rv. 52 Gol - Voss - høyringsvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 9.12.2016 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd har merka seg at Statens vegvesen to gonger har tilrådd rv. 52 Hemsedal som hovudvegsamband mellom Aust- og Vestlandet.

Hovudargumentet for bygging av ein stamveg må vera næringslivet sine behov og transport av gods på ein trygg måte. Samstundes krev eit grønt skifte effektive og miljøvenlege transportløyningar.

I høve rv. 7 Hardangervidda, har rv. 52 Hemsedal best vinterregularitet, klart lågast stigningsprofil og er ikkje konkurrent til jernbana. Veggen har også mest tungtransport. Rv 52 har difor høgast måloppnåing både i høve overordna mål og etappemål. Med utbygging av rv. 7, vil store delar av Vestlandet hamne i ingenmannsland.

Riksveg 52 derimot, opnar heile Vestlandet mot Austlandet for person- og godstrafikk. Den vil knyte kystnæringane til innlandet og Austlandet. Vi får ei regionforstørring og den beste totalløysinga for ein eksportretta landsdel i omstilling. For Nord-Vestlandet er også rv. 15 ein svært viktig veg, der spesielt Strynefjellstunnelane må på plass. Det vert føresett at E16 vert fullført som planlagt. I valet mellom Hemsedal og Hardangervidda som det andre hovudvegsambandet, støttar Sogn regionråd rv. 52 Hemsedal.

Med helsing

Petter Sortland  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*